



Byggraad AS
Fleslandsvegen 235A
5258 BLOMSTERDALEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1002 - 14/16432

Saksbehandlar:
Trygve Solberg
Trygve.Solberg@lindas.kommune.no

Dato:
03.07.2014

Løyve til igangsetting for montering av stålpipeline og eldstad, samt legging av våtromsbelegg - gbnr 48/1 Fjellsbø

Tiltakshavar: Stian Kleiven, 5955 Lindås
Ansvarleg søkjar: Byggraad AS, 5258 Blomsterdalen
Søknadstype: Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl) § 20-1, jf. § 21-2, 5. ledd.

SAKSUTGREIING:

Saka gjeld søknad om igangsetting av montering av stålpipeline og eldstad samt legging av våtromsbelegg i vaskerom.

Kommunen har i vedtak av 12.02.2013 gjeve rammeløyve.

Det vert elles vist til søknad motteken 12.06.2014.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 12.06.2014 og frist for sakshandsaming etter forskrift om byggesak (SAK 10) § 7-1, 1. ledd, bokstav b, er 3 veker frå denne dato, jf. SAK 10 § 7-2.

VEDTAK:

Med heimel i Plan- og bygningslova §20-1 vert det gjeve løyve til montering av stålpipeline og eldstad, samt legging av våtromsbelegg.

Med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 jf. §§ 23-4 (SØK) / 23 / 23-6 (UTF) gjev kommunen godkjenning for følgjande ansvarsrettar:

FUNKSJON	FØRETAK	ORG.NR.	L/S *	TILT.KL.	ANSVARSSOMRÅDE
SØK	Byggraad AS	995103575	S	1	Ansvarleg søkjar
UTF	Murmester Rune	998011841	S	1	Montering av eldstad

Post

postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733



	Stenehjem AS				
UTF	Murmester Rune Stenehjem AS	998011841	S	1	Montering av stålpipe
UTF	Byggtapetserer Frank Georg Fosse AS	990243824	L	1	Legging våtromsbelegg

***S = Sentral godkjenning, L = Lokal godkjenning**

Det er ein føresetnad for vedtaket at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av SAK kapittel 10.

Byggtapetserer Frank Georg Fosse har ikkje sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet. Føretaket har lagt fram dokumentasjon av kompetanse som etter kommunen si vurdering synleggjer naudsynt kompetanse i høve tiltaket, og gjev grunnlag for lokalgodkjenning for UTF.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

10.2 Søknadspliktige tiltak §20-1	Gebyr
10.2.6 Basisgebyr for konstruksjonar og anlegg	Kr. 3.700,-
10.3.3 a) Godkjenning av ansvarsrett Kr. 1.000,- pr. føretak med sentral godkjenning	Kr. 1.000,-
10.3.3 b) Godkjenning av ansvarsrett Kr. 2.500,- pr. føretak utan sentral godkjenning	Kr. 2.500,-
Totalt gebyr å betala	Kr. 7.200,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato.

Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngeven.

Med helsing

Siril Therese Sylta
konst. fagleiar

Trygve Solberg
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Stian Kleiven

Storhaugen 21B 5955

LINDÅS

Mottakarar:

Byggraad AS

Fleslandsvegen 5258
235A

BLOMSTERDALEN